



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Att: Politisk leing

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
14/5462

Dato

10.04.2014

Utjamning av nettkostnader - uttale frå Gloppen kommunestyre

Denne uttalen vart vedteken samrøystes av kommunestyret i Gloppen på møte den 7. april i år:

Utjamning av nettkostnader

Gloppen kommune krev at det vert etablert ordningar for utjamning av nettkostnader i område med stort potensiale for fornybar energi. Norge har store nasjonale målsettingar for produksjon av fornybar energi i åra framover. Stortinget har uttrykt ein ambisjon om at Norge skal produsere halvparten av dei 26,4 TWh som skal realiserast gjennom sertifikatavtalen med Sverige, og samtidig forplikta seg på å nå ein samla fornybarandel på 67,5 % i energimiksen gjennom EU sitt fornybardirektiv. Dei nasjonale målsettingane skaper behov for store investeringar i kraftnettet dei komande åra.

Nytt nett blir finansiert av brukarane, og med dagens finansieringssystem vil kostnaden i stor grad måtte takast av privatpersonar og næringsliv i område med store fornybarressursar. Dette til tross for at utbygginga i størst grad er motivert av nasjonale målsettingar om klimapolitikk, verdiskaping og forsyningstryggleik. Ei slik urimeleg fordeling av kostnadene vil kunne skape store ekstraavgifter for næringsliv og innbyggjarar i delar av landet, og i sin tur skape motstand mot fornybarsatsinga. Kostnadene i regionalt nett vil auke med 20-25 % fram mot 2020. Fordelinga av denne kostnadsauken er svært ulik for ulike delar av landet. Område med store fornybarressursar, men få å dele rekninga på, vil kome dårleg ut. I slike område kan kostnadsauken vere på mellom 50 og 100 %.

Gloppen har stort potensiale for fornybar energiproduksjon og produserer allereie i dag langt meir enn eige forbruk. Vi bidreg slik i stor grad til å nå dei nasjonale målsettingane. Samtidig vil næringsliv og innbyggjarar, både i Gloppen og andre stader i fylket, få ein stor auke i nettleiga i åra framover slik dagens tariffsystem er utforma. Vi må altså både bidra med naturressursane og ta ein urimeleg stor del av kostnadene for å nå dei nasjonale målsettingane.

Eit anna urimeleg utslag er at ved etablering av nye linjer for å få fram ny vasskraftproduksjon, kan eksisterande småkraftprodusentar få ein dramatisk auke i sin nett-tariff «over natta», noko som kan vere med å rive grunnlaget vekk for eksisterande lønsam produksjon. Gloppen kommune meiner at dette er utilsikta og urettvise konsekvensar av ei ordning som ikkje er rigga for den fornybarsatsinga som Stortinget har vedteke.

Vi meiner det er ein klar systemfeil dersom nettutgiftene for produksjon av fornybar energi skal utgiftsførast på lokalbefolkning og næringsliv i fornybarområda. Målet må vere å få realisert dei beste prosjekta for utnytting av fornybare ressursar til beste for miljø/klima og verdiskaping. Skal ein lukkast, treng vi ei utjamning av nettkostnadene.

Gloppen kommune krev at NVE og regjeringa etablerer ordningar som utjamnar kostnadene for den store nettbygginga i samband med fornybarsatsinga.

Med helsing

Anders Ryssdal
ordførar
tlf. 977 06 880

Dette brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.

Ordføraren ber om at dei som får kopi av dette brevet støttar arbeidet med å få etablert ordningar som gjer noko med dei problemstillingane som kommunestyret i Gloppen påpeikar.

Kopi til:

Bremanger kommune
Jølster kommune
KS Vest-Norge
Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar
Norges vassdrags- og energidirektorat
Sogn og Fjordane fylkeskommune